

Eit spenstig 17. mai program i ei spesiell tid.

29.04.2020



Atle Thoresen (styringsgruppa) og Knut Olav Myklebust (programkomiteen) ynskjer velkomne til ei historisk markering av 17. mai.

No nærmar det seg 17. Mai, og det er på tide å gå ut med litt info om programmet og plan for gjennomføring. 17. mai i år vil bli annleis enn vanleg, men vi trur det vil bli ein flott dag likevel. Det er ein historisk dag, på den måten at det truleg er første gang sidan 1944 at det ikke vil bli barnetog. Det er også spesielt at ikkje alle vil vera inviterte til å delta på markeringane. Grunnen til dette er sjølv sagt hensyn til smittevern. Vi ynskjer ikke at nokon skal bli smitta på grunn av at vi feirar Nasjonaldagen. Samtidig ynskjer vi å legge feiringa så tett opp til den tradisjonelle feiringa som mulig. Vi ynskjer at alle heisar flagget, pyntar seg, og tek del i feiringa i familiegrupper ute på plenen eller langs veien. Det er viktig at vi held avstand til kvarandre, men det kan vera godt å sjå kvarandre.

Program for dagen:

07.00 Salutt.

09-19 Rebus med postar i Uskedalen sentrum.

12.30 Minnemarkering ved Bautasteinen.

Musikklaget spelar Nasjonalsongen (Vers 1-3)

5. Klasse les dikt av Olaf Agnar Gausvik.

Kransenedlegging.

Musikklaget spelar Gud signe vårt dyre fedreland (Vers 1 og 7)

Inviterte til Bautasteinen blir foreldre og søskjen til 5. klassen.

13.00 Minnemarkering på Stemnepllassen.

Heile Noreg syng Nasjonalsongen Ja, vi elsker dette landet.

Tale for dagen ved Thea Soltveit Taranger, Hanna Tvilde og Viljar Simonnes Tveit.

Blomanedlegging.

Skulemusikken spelar Kongesongen

Inviterte til Stemnepllassen blir foreldre og søskjen til Skulemusikken og talerane.

14.00 Kortesje med ulike kjøretøy frå Børneset.

Kjørerute: Frå Børneset, opp på Døsslandssido, ned Kjerlandssido, gjennom sentrum og forbi Korsneset.

Trykte program og rebus.

Det vert lagt ut 17. Mai program for salg på Spar og på Gros Blomster. Komitéen har mindre inntekter i år enn vanleg, så vi håpar at folk vil kjøpa programmet. Det vil bli trekt ut fire vinnarar frå kjøp av programmet. Inni programmet ligg beskrivelse av postane til rebusen, og svarark som må leverast inn før klokka 19.00. Det blir mange flotte premiar.

Digitalt innhald.

Mesteparten av minnemarkeringa ved Bautasteinen og på Stemnepllassen vil bli filma i forkant, og lagt ut digitalt på ei plattform som alle har tilgang til. Vi vil gå ut med kva plattform vi har gjort avtale med når det nærmast seg. Vi er avhengig av stor velvilje hos dei som skal delta, ettersom store delar av programmet i år må gjennomførast to gonger, slik at vi får filma. Vi har vurdert muligheten for strøyming, men det har litt for stor risiko for ein så viktig dag.

Inviterte.

Det er trist å ikke kunne invitera alle til å komme på markeringane, men i år er dette ikkje mulig. Det er svært viktig at kun dei som er inviterte kjem til Bautasteinen og Stemnepllassen. Dette handlar om mulighet til å ha tilstrekkeleg avstand mellom familiegrupper. Det er også viktig at familiene held saman på plassen, ungar kan ikke springa fritt i år. Samtidig oppfordrar vi alle til å trekke ut til veien før kortesjen kjører forbi, og samtidig halda god avstand mellom familiegruppene. Kortesjen vil innehalda ca. 40 varierte festpynta kjøretøy, som truleg vil vekke interesse hos både store og små.

Dersom du har spørsmål, ta kontakt med 17. mai komiteen. Uskedalen.no vil fylgja opp med informasjon og innlegg om enkelte deler av programmet.

På vegne av 17. Mai Komitéen

Knut Olav Myklebust

Tekst: Pressemelding

Foto/nett: Kristian Bringedal